



KLEPP KOMMUNE

Tenesteområde helse og velferd

## Orientering til deg som søker om parkeringsløyve for forflytningshemma

### Informasjon som bør lesast før du fyller ut søknaden.

Parkeringsløyve skal vere eit hjelpemiddel for personar som på grunn av *vesentleg* nedsatt forflytningsevne har eit *særskild* behov for parkeringslette på ein eller fleire *konkrete* stadar. For å få innvilga parkeringsløyve, er det ikkje tilstrekkeleg å påvisa ein sjukdomstilstand som innskrenkar forflytningsevna. I tillegg er det eit vilkår at det ordinære parkeringstilbodet ikkje er tilstrekkeleg til å dekkja søkjaren sitt behov. Problem med å bæra vert i liten grad lagt vekt på.

**Legeerklæring:** Legeerklæringa skal vere godt utfylt med opplysningar om din medisinske situasjon, diagnose samt kor mange meter du er i stand til å gå med og utan hjelpemiddel. Erklæringa er det medisinske grunnlaget for vurderinga.

**Din søknad:** Det er i sjølve søknaden du må få fram opplysningar som tilseier at du har eit *særskild* behov for parkeringsløyve. Det vil sei at **du må gjere reie for kvifor det ordinære parkeringstilbodet på stadar du ofte besøker ikkje kan nyttast.** I søknadsskjemaet er det tatt med ulike høve vi ynskjer svar på: Vi tilrår at du fyller skjemaet nøye ut, slik at vi får eit godt bilete av ditt behov og for at sakshandsaminga ikkje skal verte unødig lang.

### **Tenk godt gjennom:**

- Konkrete stader kor du opplever at det er vanskar med å parkere på ordinære parkeringsplasser. (opplys om stadsnavn/gatenavn)
- Kor ofte er du her?
- Kvifor er det vanskeleg å parkere her?
- Kva slags parkeringsplasser finns her?
- Kva er det som gjer at du ikkje kan bruke dei ordinære plassane her?
- Kvifor vil ein parkeringstillatelse konkret hjelpe deg på desse bestemte stadene?

**Søker du som passasjer?** Forflytningshemma som ikkje kjører sjølv, skal som hovudregel bli kjørt til bestemmelsesstaden og følgast inn. Etterpå skal bilfører flytta bilen til ordinær parkeringsplass. Det er ikkje naudsynt med parkeringsløyve for å gjere dette. Ein kan få tildelt parkeringsløyve viss ein treng hjelp etter avstigning, der ein ikkje er i stand til å vente åleine (for eksempel på venteværelse) mens bilen vert flytta. Dette må framgå av legeerklæringa og søknaden.

**Vedlegg:** Passfoto av deg sjølv (eller anna bilde av deg sjølv som har størrelse som eit passfoto).

### **Send søknad med vedlegg til**

Klepp kommune  
Postmottak, Postboks 25  
4358 Kleppe